Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

NR. 17 - 1993

Oslo 1993

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 17 - 1993

Redaksjonen er avslutta 6. mai 1993

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking 4
Den ellevte nordiske navneforskerkongressen 5
Den 18. internasjonale namneforskarkongressen 6
Nyskiping av ICOS 7
Namn og Nemne 7
Skrivemåten av utanlandske stadnamn 8
Informasjon om namnetidsskrift 8
Namn och bygd ikke næstældst 8
Eit administrativt stadnamnjubileum 9
Professoratet i namnegransking 9
Unge Forskere 1993 – prisar for stadnamn 10
Namnekultur i Bergen 10
Nokre merknader til *méd* og *havbrun* i skrifter av Eilert Sundt 11
Samisk kunavntradisjon 15
Namnet *Birk* godkjent 18
Nye NORNA-rapportar 19
NONELex veks og veks 20
Tilnamn med styrke 20
Blåmann og Lykle – bok om geitenamn 21
Spirene til den nordiske namnerenessansen 21
Pene namn 24
Enda ei islandsk namnebok 24
Storverk om namnedagar 25
Franske namnemotar 27
Att uppteckna ortnamn 28
Nye hjelpemiddel i namnegranskinga 30
Namn og stader i Sirdal 31
Registrering av stadnamn ved bruk av WP 5.1 33
Dataregistrering i Gardermoprosjektet 36
Studentarbeid om namn 37

DEN 7. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Blindern 19. november 1993

Hovudemne: Stadnamn og kulturlandskapet

Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking vert skipa til fredag 19. november 1993 på Blindern, med Avdeling for namnegransking som arrangør. Konferansen tek til kl. 09.00 og vert ein heildagskonferanse som dei førre konferansane. Ansvarlege for gjennomføringa er Margit Harsson og Botolv Helleland.

Det oppsette emnet skulle ha brei interesse både innanfor og utanfor fagmiljøet. Det å sjå stadnamn som uttrykk for ulike sider ved kulturlandskapet er ein klassisk innfallsvinkel. Mange utgreiingar om stadnamn drøfter då òg dei kulturhistoriske føresetnadene for namngjevinga. I mindre grad har det vore fokusert på den kulturelle *heilskapen* som ligg til grunn for namnematerialet. Eit grunnleggjande spørsmål vert då: Korleis kan stadnamna sjåast som ein refleks av kulturlandskapet i rom og tid? Her kan ein setja opp m.a. fylgjande problemstillingar:

- Kva metodiske problem knyter seg til utnytting av stadnamn under ein kulturhistorisk synsvinkel?
- Agrarhistoriske og namnevitskaplege metodeproblem
- Kva livsvilkår og arbeidsformer kan lesast ut av eit namnematerialе?
- Korleis kan stadnamn supplera eksisterande kunnskap om kulturlandskapet?
- Regionale ulikskapar
- Tidsaspekt og datering

Både vanleg påmelding og påmelding med innlegg på konferansen skal sendast til Avdeling for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo, innan 20. oktober 1993. Kvart innlegg skal vera på 20 min. Deretter vert det 10 min. diskusjon. Innlegga og diskusjonsreferata skal som vanleg gjevast ut i ein eigen rapport. Endeleg program for konferansen kjem i haustnummeret av *Nytt om namn*.

Gjer også folk de kjenner i nabofaga våre (lokalhistorie, arkeologi, etnologi osv.), merksame på konferansen. Set av dagen, og ver velkomne med påmelding!

DEN ELLEVTE NORDISKE NAVNEFORSKERKONGRESSEN

Sundvollen ved Tyrifjorden

19. — 23. juni 1994

På kongressen i Brandbjerg i 1989 inviterte Avdeling for navnegransking ved Universitetet i Oslo til den ellevte nordiske navneforskerkongressen. Kongressen vil bli holdt på *Sundvolden Hotel* fra søndag 19. til og med torsdag 23. juni 1994. Hotellet ligger ved Tyrifjorden i Hole kommune, 43 km fra Oslo og 35 km fra Fornebu lufthavn. Etter de gode erfaringene fra Brandbjerg ser vi det som en fordel om alle deltakerne bor på hotellet. Vi har forhandlet oss fram til følgende døgnpriser (full pensjon - tre måltider): kr. 790,- i enkeltrom, kr. 635,- i dobbeltrom og kr. 585,- i rom med tre senger. Temaet for kongressen blir todelt:

1) Onomastikken i faghistorisk og vitenskapsteoretisk lys
2) Navnemønster i regional og kronologisk variasjon

Det vil bli arrangert en fulldags ekskursjon, og (hvis været tillater det) en ettermiddagstur opp til Kongens utsikt på Krokskogen. Ekskursjonen vil koste ca. 250 kroner. Deltakeravgiften er også 250 kroner.

Ved kongressen skal det holdes valg til NORNA-komitéen. Hvert land oppfordres til i god tid å finne kandidater til vervene som medlem og varamedlem.

Vi vil be alle interesserte sende foreløpig påmelding til Avdeling for navnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo, innen 1. juli 1993. Man bør samtidig opplyse om eventuell foredragstittel. Bruk slippen på det innlagte arket. De som melder sin interesse, vil så få tilsendt fyldigere opplysninger og skjema for endelig påmelding i løpet av høsten. Gjør gjerne også humanistiske forskere utenfor vår krets oppmerksomme på kongressen.

Sist Norge arrangerte nordisk navneforskerkongress, var i 1976. Den ble holdt i Sandefjord og hadde god deltakelse. Vi håper på stor tilslutning nå også, både fra vårt eget land, fra resten av Norden og fra andre nasjoner hvor det forskes i nordiske navn.

Oslo 24. april 1993

Kristin Bakken, Gunhild Birkeland, Margit Harsson
Botolv Helleland, Kristoffer Kruken, Terje Larsen, Tom Schmidt

DEN 18. INTERNASJONALE NAMNEGRANSKARKONGRESSEN

Den 18. internasjonale namnegranskarkongressen vart halden i Trier, Tyskland, i tida 12.-18. april 1993. Hovudemnet var personnamn, medrekna personnamn i stadnamn og stadnamn brukte som personnamn. Kongressen var delt i ni seksjonar med fylgjande undertema:

1. Namneetymologi og namnehistorie
2. Namnesystem i interkulturell samanlikning
3. Namnesosiologi
4. Personnamn i stadnamn
5. Onomastikk (namnegransking) og leksikografi
6. Namnegransking og historievitskapane
7. Appellativ av namn
8. Namnerett
9. Granskingsprosjekt

Av desse var seksjon 4 den største, noko som viste at svært mange deltakarar hadde stadnamn som hovudinteresse. Leiar for denne seksjonen var **Thorsten Andersson**, Uppsala.

Til saman var det med over 350 deltakarar frå 45 land, og det vart halde om lag 250 foredrag, i tillegg til eit langt større tal diskusjonsinnlegg. Foredraga og diskusjonsinnlegga vil verta publiserte. Frå Noreg var det med sju deltakarar. Desse heldt foredrag:

Gulbrand Alhaug og **Gunnar Thorvaldsen**, Tromsø: The problem of name variants - how the historian can help the anthroponymist.

Botolv Helleland, Oslo: Ortsnamen als Ursprung von Familiennamen.

Gudlaug Nedrelid, Kristiansand: Norwegische Familiennamen aus Hofnamen.

Tom Schmidt, Oslo: Norwegian Place Names in *-by/-bø* with Anthroponymic Specifics.

Anne Svanevik, Hønefoss: The antagonism between Norwegian farm names and their corresponding family names.

Dei internasjonale namnegranskarkongressane vert haldne tredjekvart år i samarbeid med den internasjonale namnegranskarkomiteen ICOS (sjå neste side). Den neste kongressen skal haldast i Aberdeen, Skottland, i august 1996.

BH

NYSKIPING AV ICOS

Den internasjonale komiteen for namnegransking, på engelsk the *International Committee of Onomastic Sciences*, forkorta til *ICOS*, vart på Den 18. internasjonale namnegranskarkongressen i Trier omskipa til ein internasjonal medlemsorganisasjon. Tidlegare kunne nye medlemmer verta opptekne etter tilråding frå personar som alt var medlemmer, og det kunne verka noko tilfeldig kven som vart medlemmer, og kven som ikkje vart det. Til det gamle ICOS høyrde om lag 120 medlemmer.

Etter nyskipinga kan alle som har ei fagleg/vitskapleg tilknyting til namnegransking, anten som hovudprofesjon eller i ein tverrfagleg samanheng, verta medlemmer. Medlemskapen skal likevel godkjennast av styret og ved det fyrste høvet av generalforsamlinga. Vidare vert det innført ein medlemskontingent. Medlemmen vil få tidsskriftet *Onoma* i tillegg til annan aktuell informasjon.

Den nye organisasjonen har framleis bokstavnamnet *ICOS*, men det står no for *International Council of Onomastic Sciences*. Føremålet med organisasjonen er å fremja namnegranskinga på fagleg og tverrfagleg grunn i ein internasjonal samanheng. Hovudkvarteret skal inntil vidare vera knytt til Leuven, Belgia, der også det gamle ICOS har hatt sete.

Wilhelm F. Nicolaisen, Skottland, vart vald til formann, med Dieter Kremer, Tyskland, og Margaret Gelling, England, til viseformenn. Willi van Langendonck, Belgia, vart vald til sekretær og kasserar, med Rob Rentenaar, Nederland, som visesekretær/kasserar. I styret vart elles desse valde: Marianne Blomqvist, Finland, Vibeke Dalberg, Danmark, Ernst Eichler, Tyskland, Botolv Helleland, Noreg, André Lapierre, Canada, Rudolf Srámek, Den tsjekkiske republikken. Styret skal møtast ein gong for året, medan generalforsamlinga skal haldast tredjekvart år i samband med dei internasjonale kongressane.

BH

NAMN OG NEMNE

Tidsskriftet til Norsk namnelag, *Namn og Nemne*, har vorte noko forseinka. Årgang 9 (1992) vert truleg ikkje send ut før til sommaren eller tidleg på hausten. Medlemskontingenten for 1992, som skal betalast når medlemmene får tidsskriftet, vert såleis hangande litt etter.

SKRIVEMÅTEN AV UTANLANDSKE STADNAMN

Det er snart to år sidan Norsk språkråd gav ut ei bok om skrivemåten av utanlandske stadnamn, og det er på høg tid at redaksjonen for *Nytt om namn* gjer lesarane merksame på denne viktige publikasjonen. Boka har fått det heller smålåtne namnet *Geografilista* og er komen ut på Novus Forlag i Oslo (1991) med ISBN 82-7099-187-2. Her finn ein tilrådd skrivemåte for om lag 6000 utanlandske geografiske namn og dessutan korte og instruktive innføringar i stavingsprinsippa for ei rekkje språk. Boka er redigert av Vigleik Leira.

Me kan elles visa til ein utførleg omtale av Svein Lie i *Norsk lingvistisk tidsskrift*, nr. 1, 1993.

INFORMASJON OM NAMNETIDSSKRIFT

I *Nytt om namn* nr. 16 (s. 27) hadde me ei lita melding om nasjonale og internasjonale namnetidsskrift med bakgrunn i eit oversyn amerikanaren Edwin D. Lawson hadde i *The Serials Librarian* Vol. 21 (4) 1992. På Den 18. internasjonale namnegranskarkongressen i Trier gjorde Lawson framlegg om å få til ei ordning med korte samandrag (50-100 ord) av tidsskriftartiklar på eit anna internasjonalt brukt språk enn det artiklane var skrivne på. Han tenkte seg at redaktøren eller ein annan kontaktperson overførte slike samandrag på elektronisk post (e-mail), slik at kven som helst med nettilknyting kunne henta inn denne informasjonen for å sjå om stoffet hadde interesse. Framlegget vart overlevert til det nye styret for ICOS.

NAMN OCH BYGD IKKE NÆSTÆLDST

Vedr. *Nytt om namn* 16 (1992) s. 27 kan jeg meddele, at *NoB* ikke er det næstældste onomastiske tidsskrift i verden, men at det står som nr 3 i rækken. Alle har nemlig overset det ældste tidsskrift inden for vores fag, *Nomina Geographica Neerlandica*, som allerede startede i 1884. Ganske vist er det ikke mere udkommet siden 1954, men officielt har det aldrig været nedlagt. Tidsskriftets historie er beskrevet af D.P. Blok i *Naamkunde* 1 (1969) s. 13-17.

Rob Rentenaar
Amsterdam

EIT ADMINISTRATIVT STADNAMNJUBILEUM

Det velinformerte og innhaldsrike meldingsbladet *Kjelda*, som Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane gjev ut, minner i nr. 3 for 1992 om eit jubileum som lesarane av *Nytt om namn* òg bør få nyss om, nemleg at det er 75 år sidan dei (fleste) noverande fylkesnamna, bispedømenamna og ein del andre inndelingsnamn vart fastsette. Dei gamle nemningane *amt* og *stift* vart avløyste av *fylke* og *bispedøme*. Året før hadde dessutan 190 heradsnamn vorte endra.

Stortingsvedtaket 14. august 1918 (jf. Ot. prp. nr. 55 1918 Om forandring av rikets inddelingsnavn) vart gjort på grunnlag av ei innstilling frå professorane Hjalmar Falk og Marius Hægstad, datert 11. febr. 1915. Endringane vart sette i verk frå nyåret 1919, og med det var det gjennomført ei storvøle i det administrative namneverket som snautt hadde late seg gjera i dag.

Av dei gamle amtsnamna var desse vidareførte (med einskilde rettskrivingsendringar): Akershus, Hedmark, Buskerud, Nordland, Finnmark. Desse vart endra meir radikalt: Smaalenenes amt (no Østfold), Kristians amt (no Oppland), Jarlsberg og Larviks amt (no Vestfold), Bratsberg amt (no Telemark), Nedenes amt (no Aust-Agder), Lister og Mandals amt (no Vest-Agder), Stavanger amt (no Rogaland), Søndre Bergenhus amt (no Hordaland), Nordre Bergenhus amt (no Sogn og Fjordane), Romsdals amt (no Møre og Romsdal), Søndre Trondhjems amt (no Sør-Trøndelag), Nordre Trondhjems amt (no Nord-Trøndelag), Tromsø amt (no Troms).

BH

PROFESSORATET I NAMNEGRANSKING

I *Nytt om namn* nr. 15 (s. 9) fortalde vi at det var søkt om å få gjenoppretta professoratet i namnegransking ved Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo. Saka har no vori gjennom alle instansar, og det kom ingen ting ut av det, trass i sterk støtte frå det nasjonale og internasjonale namnegranskarmiljøet. Professoratet er dermed både i prinsipp og praksis borte. Avdelinga håper med tida å kunne fremje søknaden på nytt.

UNGE FORSKERE 1993 — PRISAR FOR STADNAMN

Unge Forskere er ein organisasjon som kvart år skipar til ei tevling om dei beste særoppgåvene som vert skrivne av elevar under 21 år. I år er det 25. gongen denne konkurransen går av stabelen. Tiltaket er støtta av Norsk Teknisk Museum i Oslo, Utdanningsdepartementet og Universitetet i Oslo. Oppgåvene femner om ulike emne frå fysikk og medisin til litteratur og namnegransking. Dei som kjem til finalen, ligg på eit høgt nivå og representerer ein original forskingsinnsats.

I år vart finalen halden 27. april med stortingspresident Jo Benkow som premieutdelar. Ein fyrstepris og ein tredjepris gjekk til stadnamnoppgåver. Anne Hageberg, Stord, fekk fyrstepris for arbeidet *Fiskeméd i Fitjar*. Ho vart rosa for systematisk og fagleg solid handsaming av eit namnemateriale frå eit typisk mannsdominert miljø. Audun Kvamme, Frosta, fekk tredjepremie for arbeidet *Stedsnavn i grensetraktene Frosta - Ekne*. Han fekk dessutan NAVFs spesialpris for ein ung lovande forskar. Prisen inneber at mottakaren kan velja ein dag saman med den forskaren han helst ynskjer, assistert av ein representant for NAVF, og med alle utgiftene dekte av NAVF.

NAMNEKULTUR I BERGEN

Namneutvalet i Bergen arrangerte 4. mai 1993 ein halvdagskonferanse med "Navnekulturen i kulturbyen Bergen" som emne. Om lag førti personar frå ulike kommunale etatar, interesseorganisasjonar, presse og namnekonsulenttenestene var til stades. Seniorforskar Willy Dahl heldt innlegg om kva visjon kulturbyen Bergen bør ha for sin namnekultur. Journalist Kjartan Rødland diskuterte om Bergen har ein namnekultur i det heile. Namnekonsulent Botolv Helleland tok for seg namnekulturen i Bergen frå ein namnefagleg synsvinkel. Dessutan hadde ei rekkje andre deltakarar kortare innlegg.

Det kom fram ulike synspunkt på kva namnekultur er eller bør vera, og ein kunne spora visse motsetningar mellom dei som ville ha eldre skriftformer, dei som ville ha målføreformer, og dei som ville normera etter rettskrivingsnormalen; vidare mellom dei som ville leggja vekt på å minna lokale personar, og dei som ville byggja på nedarva namnetradisjon. Konklusjonen var likevel at Bergen har ein rik namnekultur som representerer eit breitt spektrum av historiske minne. At den meir moderne namnsetjinga i privat regi fører til nyskapingar som *Lagunen* og *City Nord*, vart sett på som ei utfordring til namneutvalet om å arbeida meir aktivt for ein god namnekultur på dette feltet òg. Arrangøren fekk velfortent ros for tiltaket.

NOKRE MERKNADER TIL *MÉD* OG *HAVBRUN* I SKRIFTER AV EILERT SUNDT

Eilert Sundt (1817-1875) er fyrst og fremst kjend som sosiolog og etnolog. I dei faggreinene gjorde han arbeid av varande verd. Mindre kjent og påakta er det nok at den same Eilert Sundt var ein lærd språkmann. Han kjende dei fleste vesteuropeiske mål, klassiske mål og hebraisk; han sette seg inn i finsk og samisk og var den fyrste som skreiv om fantemålet her til lands. Dertil var han godt inne i norrønt mål og norske målføre.

Han skreiv uhorveleg mykje om norsk arbeidsliv, hus og båtar, handverk og kvinnearbeid av mange slag; og jamt legg han seg mykje etter å få med den terminologien dei nytta. Så langt eg kan sjå, er han den fyrste nordmann som i serleg mon arbeider med ord- og gjenstandsgransking.

Sundt evla å setja seg godt inn i dei føresetnadene heimelsfolka levde under. Det kan ein sjå når ein les stykket "Fiskeriets kunst" i boka om Harham [dvs. Haram] frå 1859 (Sundt 3, 148ff). Det burde vera obligatorisk lesnad for alle som vil driva med tradisjonsinnsamling og arbeidslivsgransking.

I dette vesle stykket skal eg berre nemna litt om kva Sundt skriv om "méd" og "havbrun"; men eg bed sunnmøringar, folk frå Nord-Noreg og andre kystbygder om orsaking for at eg, landkrabba, vågar meg ut på emne som eg i praksis er kjemisk fri for kunnskapar om. Eg vonar andre kan eggjast opp til å sjå meir på det.

Méd

Frå Haram fortel Sundt at havet utanfor er fullt av fall og skjer, og når fiskaren skal finna kvar dei ligg eller leita seg fram til dei, må han "tage sigte på bekjendte gjenstande på land" (3, 150). Eit slikt merke er kalla *mìd*. Slike *méd* var gjerne fiskeplassar, og fiskaren "tok méd" når han skulle ta seg fram til rette fiskeplassen, og ut frå médet kunne fiskarane setja garnet eller lina på fast "avmerkte" stader og finna dei att. Ein annan stad nemner Sundt ein fiskar som truleg "kjender hvert skjær og hvert fiske-me fra Lofot-odde i vest til Vardø i øst" (Sundt 7, 180).

Før me ser meir på utgreiinga hjå Sundt, kan det vera grunn til å dra fram eit par andre kjelder som nemner méd, og dei har nok Sundt kjent.

Hans Strøm fortel at på reiskapen (dobbelet eller bøya) har kvar fiskar sitt bumerke, og dei tek jamt *méd* så at dei lett kan finna att kvar sin reiskap:

> Saadant *Meed* tages som oftest ei alene for *Ud* og *Ind* (som det her heder) det er for Vest og Øst, men og for *Nor* og *Sør*, følgelig paa to adskilte Stæder; og den Punct, hvor disse to Linier skiære hinanden over eller støde sammen, bliver just det Stæd, hvor Dobbelet siden skal opsøges og ved Hielp af Medene uden mindste Feiltagelse kan findes igien (Strøm I, 445-46).

Aasen har med *Mid* i båe ordbøkene; som me veit var Aasen sunnmøring, og han har vel definisjonane frå kunnskap om eige målføre:

> Ordbog 1850:
> "Ei go' Mid" kaldes det, naar man først har Mærke paa to forskjellige og langt fra hindanden afsondrede Punkter i lige Linie fra Forstavnen, og dernæst et lignende Mærke paa to bestemte Punkter i lige Linie fra Siden af Baaden, saaledes at begge disse Linier danne en ret Vinkel, idet Baaden ligger i Spidsen af Vinkelen.

> Ordbog 1873:
> Til "god Mid" behøves tydelige Mærker, saasom Næs eller Bjergtoppe, i to forskjellige Linier, som danne en ret Vinkel med hinanden, saaledes at Baaden eller Fartøiet ligger i Hjørnet af denne Vinkel.

Strøm fortel at *méd* må takast *ut* og *inn* og *sør* og *nord* på to åtskilde stader; der desse linene skjer kvarandre, finn ein att reiskapen. Aasen opplyser dertil at linene må kryssa kvarandre i rett vinkel frå sida og frå framstamnen på båten, og båten må liggja i spissen eller hyrna av vinkelen.

Sundt har denne utgreiinga:

> Først gjælder det at lære de sikkre løb mellem de *fald* og *skjær* (klipper, som fra havbunden hæve sig tæt op under eller lidt over vandskorpen), som i stor mangfoldighed opfylde havet ... Hvert fald og skjær har sit navn ... og da faldene (fluderne, boderne) kun ere bemærkbare, når havet i kortere eller længere mellemrum bryder på dem, så må deres beliggenhed kjendes ved at tage sigte på bekjendte gjenstande på land. Sådant sigte er den såkaldte mid (udtalt med åbent e, næsten som med eller me). Til enhver mid hører tvende gjenstande, en fjernere og en nærmere, som sees lige for hverandre eller i en linie, og for at et sted på havet skal være kjendt, udkræves to mid, en i en retning og en i en anden, så de to linier mødes i et punkt. De gjenstande, der bruges som mid-mærker, ere store stene, odder og fjeldpynter nærmest ude imod kysten og forskjellige tinder

> og skard på de høiere fjelde længer inde i landet, hvilke tinder og skard vise sig som knuder og indhugg i fjeldlinien mod himmelen (fjeldgarden) (Sundt 3, 150).

Sundt opplyser at siktelinene skal møtast i eit punkt; det svarar til Aasens forklaring om vinkelen. Sundt nemner òg at fall, skjer og båar har namn, og at fjell, tindar og toppar kan vera nytta som méd-merke, og han skildrar vidare korleis fiskarane kan utnytta slike merke.

Han nemner òg *Land-meen*:

> Udenfor denne ujevne, med fald og skjær opfyldte land-grund er der en strækning over havet, som kaldes *Land-meen*. Rimeligvis kaldes den så, fordi havbunden her fremdeles er kjendt ved en mængde mid på land (Sundt 3, 151).

Havbrun

Dette ordet er i eldre kjelder ofte skrive "havbro" eller "havbru", og Per Hovda opplyser: "Det var fyrst etter at opploddninga av havet utanfor Møre—Russegrensa var ferdig (1876—95) at fiskarane si meining om havbruna vart ålment kjend — og godkjend" (Hovda 1961, 60). Hovda viser til at både Hans Strøm og W. F. K. Christie må ha kjent forma *-brun*.

Om dette skriv Sundt i boka om Haram (3, 153):

> På flere steder lang kysten kjende fiskerne visse fiskegrunde langt ude i havet — så langt ude, som man kan seile uden at tabe land af sigte —, ligesom Stor-eggen udenfor Søndmøre og Romsdalen. I Nordlandene bruges herfor navnet *havbro*.

Men etter å ha vore i Nord-Noreg og granska båtbygging og fiske der, skriv han i 1865: "På *Søndmøre* drev man før i tiden meget fiskeri med åbne både helt ude på Stor-eggen eller havbrunen;" og so legg han til i ein fotnote:

> Almindelig, men feilagtig skrevet *havbroen*. "Brunen" er det samme som "eggen", d.e. kanten af den undersøiske banke, og "havbrunen" er den brun, som vender udad, mod havet" (Sundt 7, 212).

Det ser ut til at Aasen med har vore noko i villreie her; i 1850 har han *Havbru* f "Banke i Havet langs Kysten", men i 1873 finn me *Havbrun* f "en lang Banke i Havbunden langs Kysten. Ofte opfattet som "Havbru" (Havbru'-

na)". På båe stader heimfester han nemnet til Nord-Noreg og opplyser at på Sunnmøre heiter det "Storeggja". Aasen nyttar ordet i eit stykke om Dovrefjell frå 1860-åra, men då tyder det nok 'havflate': "Nordan for denne Garden [Hjerdkinn] gjeng Vegen tvertyver ein høg Aas (Hjerdkinn-Høgdi), som er reknad at vera frammot 4000 Fot yver Hav-bruni" (Aasen I, 208).

Det kan sjå ut som om det er Sundt som fyrst har gjort den rette ordforma *havbrun* kjend. W. F. K. Christie (1938) har visstnok *havbrun* "Hav-Rand, Søe-Horizont", men den kjelda har Sundt knapt visst om, og heller ikkje at det på islandsk heiter *hafsbrún*.

Kva Sundt elles har lese om fiskarliv, er det ikkje mi oppgåve å finna ut, men han kjende godt Strøm og annan topografisk litteratur, likeins Aasen 1850. Lat meg berre til slutt ta med nokre liner til å syna kor mykje Sundt hadde fenge med om livet på fiskehavet. Styremannen på ein båt legg mest gaum på og festar

> blikket på landet og det på de fjerneste fjeldhøider langt inde. — End når nu disse mærker ikke kunne sees formedelst snedrev, tåge, nattemulm? Da er der jo altid fare på færde; men så gjælder det at bruge ørene; thi mange af disse fald og skjær ere kjendelige på brændingens klang og bulder, forskjellig efter klippernes mere langstrakte eller bratte form, en forskjel, som dog tillige må bedømmes efter vindens eller rettere bølgegangens retning (3, 150-51).

Sundt har mykje meir om namn og nemne som knyter seg til fiske og fiskarliv på Haram og i andre kystområde, men det vesle eg har lagt fram, skulle vel syna at han var ein næpen ordoppskrivar, og at han evna å setja seg godt inn i nemningsbruk som hadde tilknyting til både stadnamn og arbeidsliv.

Litteratur

Christie, W. F. K.: Norsk Dialect-Lexicon. Utg. av G. Indrebø. Bergen 1938. (Manuskriptet er utarbeidd i tida 1833-49.)
Hovda, Per: Norske fiskeméd. Oslo - Bergen 1961.

Strøm, Hans: Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør. I. Sorøe 1762.
Sundt, Eilert: Harham. Et Exempel fra Fiskeri-Distrikterne. Christiania 1859. Her sitert etter Skrifter i utvalg 3. Oslo 1975.
— : Paa Havet. Christiania 1861-66. Her sitert etter Skrifter i utvalg 7. Oslo 1976.
Aasen, Ivar: Ordbog over det norske Folkesprog. Christiania 1850.
— : Norsk Ordbog. Christiania 1873.
— : Skrifter i samling. I-III. Kristiania og Kjøbenhavn 1911-12.

Magne Myhren
Oslo

SAMISK KUNAVNTRADISJON

1. Tidlig dokumentasjon om husdyrhold

Samer på Trøndelags- og Helgelandskysten kom tidlig i kontakt med den faste norrøne bosetting og husdyrhold. En del samer gikk over til småfehold og bofasthet. I en lausavise av Øyvind Finnsson Skaldaspiller heter det at samer på Helgelandskysten holdt geiter:

Midtsommers skjuler snøen
jorda, Odin sin kone.
Som finner må vi fóre
geita med bjørkebrom på fjøset.

I middelalderen ble fast bosetting og husdyrhold kombinert med veiding og fiske, en vanlig kombinasjon også hos samene. På 1600-tallet var det vanlig med husdyrhold også blant den kystsamiske befolkning i Finnmark. Fast bosetting og husdyrhold i det indre av Finnmark og tilstøtende områder på svensk og finsk side kom seinere.

2. Kunavn i samisk litteratur

I den samiskspråklige litteraturen helt fra den første trykte bok på samisk i 1619 og fram til etter krigen ser det ikke ut til å være skriftbelegg for samiske kunavn. De første skrifter var oversatt kristelig litteratur, og seinere original kristelig litteratur.

Det var sparsomt med samiskspråklig litteratur de første 20 år etter krigen. I Margrethe Wiigs ABC (Oslo 1951) finner vi fem-seks kunavn, bl.a.

Duoret, Lávgá og Dávlet. Men så går det minst tjue år igjen før vi får et nytt skriftbelegg for et annet samisk kunavn.

Dette kan neppe henge sammen med mangel på navnetradisjon, men må mer tilskrives andre faktorer, som at det ikke var vanlig å legge vekt på folkelige kulturelementer og slett ikke skrive om dem.

I etnografisk og annen faglig litteratur om samer og samiske forhold er det også fravær av kunavn. Et unntak er Tuomo Itkonen: Suomen lappalaiset II (1948), der han under kapitlet om jordbruk nevner kunavn som Bunet, Fihkon, Kesu, Dakrus m.fl.

I Konrad Nielsen og Asbjørn Nesheim: Lappisk ordbok IV (Oslo 1962) finnes en liten liste med 28 egennavn på kuer. I en artikkel i Sámás III (Oslo 1987) har Aage Solbakk en liste på 24 samiske kunavn, de fleste fra Lappisk ordbok. Selv har jeg skrevet en kort artikkel om samme emne i Finnmark Dagblad (1991). I boka Gullhorn og dei andre v/ Karbø og Kruken (Oslo 1991) er det referert 5 samiske kunavn som ikke forekommer andre steder i Norge enn i Finnmark (side 93).

Dette er med andre ord et emne som har fått liten plass i litteraturen.

3. Kunavn i Kautokeino-området

Det materialet som skal legges fram her, er relativt lite og begrenset. Når man tar med variantene Sundar/Sumar og Láver/Lávger, blir det i alt 21 navn. Hensikten har ikke vært å finne flest mulig kunavn, men å finne ut hvilke navn som var vanlige slik informantene husker, og hvordan navngivningen foregikk.

Området er fra Masi mot Kautokeino kirkested og sørover mot finskegrensen. Tidsrommet er fra så langt tilbake som informantene kunne huske, og fram til ca. 1950. Jeg har hatt seks informanter og foretatt intervjuer med disse to:

Susanne M. Hætta, f. 1909 i Kautokeino. Hun har bodd hele sitt liv i Siebe, 17 km sør for Kautokeino. Hennes foreldre var gårdbrukere, og hun har selv drevet med gårdsbruk fram til 1980-årene.

Marit Turi, f. 1919 i Máze i Kautokeino. Også hun har vokst opp med gårdsbruk der foreldrene hennes hadde både kuer og sauer. Etter at hun giftet seg, drev hun og mannen et gårdsbruk ved siden av å ha fjellstue, butikk og post. Gårdsdriften ble avviklet i 1986.

4. Kunavn — oversikt

De fleste kunavn kan deles i to kategorier, enten oppkallingsnavn etter ukedager eller karakteriserende navn som farge eller avtegninger som flekker eller striper. Se tabellen neste side.

Oppkallings-navn	Karakter/ farge	Karakter-mønster	Andre navn
Sundar/Sumar	Bunagorva	Dávlet	Máirusá
Mánda	Lehtegorva	Lumet	Reiseliina
Kesket	Mustagorva	Muorjá	Rusá
Duoret	Nástegorva		Veanná
Berjo			Dámmiku
Láver/Lávger			Helda

5. Oppkallingsnavn etter ukedager

Oppkallingsnavn er kunavn som er gitt etter ukedager. Sundar/Sumar etter søndag og Mánda etter norsk mandag. Kesket etter finsk keskiviikko, men Duoret kan være enten norsk eller finsk. Derimot er Berjo etter finsk perjantai og Láver eller Lávger etter norsk eller finsk lørdag. I Máze er Sumar og Lávger brukt, mens navnebelegg i Siebe er Sundar og Láver. Ellers er det likt. Dámmiku av finsk tammikuu (januar måned) er kjent i Siebe, men ikke i Máze. Helda er et dateringsnavn som kommer av hellodagat (pinsehøgtid).

6. Karakteriserende navn

Noen få navn karakteriserer kua etter farge: Bunagorva er en ku med røde ører. Buna kommer av finsk punanen og betyr rød, mens gorva også er finsk, av korva. Mustagorva er en svartøret ku. Musta kommer av finsk og betyr svart. I Lehtegorva er også begge ledd finske. Lehte betyr lauv eller blad og henspeiler på flekker som ligner lauv, eller at ørene er ujevne. Nástegorva er et navn som er sammensatt av et samisk og et finsk ord. Det er også vanskeligere å tyde. Násti betyr stjerne.

Man kan lett tro at slike navn har sitt opphav i import av dyr, men det er slett ikke sikkert. Begge informantene forteller at det var mange finske arbeidssøkende som kom til Kautokeino kommune for å få jobb. De var vant med gårds- og fjøsarbeid. Det var også helt vanlig at folk kunne finsk.

Andre navn kan karakterisere kua ut fra mønster som flekker eller striper: Dávlet har striper på siden. Muorjá er et karakteriserende navn på ku som er småprikket. Muorji er samisk og betyr bær. Lumet er et annet navn som kommer av luomi (multebær). Navnet karakteriserer en kvit ku med røde flekker. Karakteriserende navn er også Helbmo, som betyr perle, det

vil si prikker rundt halsen. Girjo kommer av girjját, som betyr flekket, gjerne en kvit ku med svarte flekker.

7. Andre motivgrupper

Informanten fra Siebe forteller om kuer som hette Máirusá og Rusá fra hennes barndomshjem på 1920- eller 30-tallet. Det var iallfall før 1938, da hun giftet seg og stiftet eget bo. Hun og mannen kjøpte en kalv fra Bossekop den første sommeren (1938), som hun selv hentet fra Biggeluoppal og leide hjem, en strekning på ca 80 km. Kalven fikk navnet Veanná. Men noen forklaring kan hun ikke gi. Men Vena forekommer som norsk kunavn (Karbø og Kruken 1991). En kalv som ble solgt fra Kautokeino til nabobygda på finsk side, Näkkälä, fikk navnet Reiseliina.

Odd Mathis Hætta
Alta

Dette er den første av tre artikler Odd Mathis Hætta har skrevet for *Nytt om namn* om samiske husdyrnavn. I neste nummer følger en artikkel om samiske hundenavn, og til slutt sammenligner Hætta kunavn og hundenavn i samisk med spesielt henblikk på navngivningsmotiv.

Odd Mathis Hætta er født 1940 i Kautokeino. Han er lærerutdannet fra Tromsø 1963 og ble cand.philol. 1984 med samisk kulturvitenskap som hovedfag. Han er nå førsteamanuensis ved Alta lærerhøgskole og forskningsleder for NAVF i samisk kulturminnevern. Han har deltatt aktivt i samisk organisasjonsarbeid og skrevet en rekke artikler om samiske forhold.

NAMNET *BIRK* GODKJENT

"Navnet *Birk* kommer til å bli godkjent!" Dette vart opplyst i eit diskusjonsprogram i NRK tysdagen i påskeveka. Sidan *Nytt om namn* tok opp saka (nr. 15, s. 10-12), har fleire foreldre vendt seg til redaksjonen og bede om hjelp og argument til å få namnet godkjent. Diskusjonen kom etter kvart også leiarane for "Språkøret" i NRK for øyre. Dei fann det verdt å presentere synspunkta i eit større forum (større enn *Nytt om namn*, altså). Representanten for Justisdepartementet opplyste i programmet at dei særleg hadde vori restriktive fordi dei frykta at folk med slektsnamnet *Birch* skulle begynne å føre sak. Men dei hadde likevel komi til at dei faglege argumenta burde vega tyngst. Han nemnde ikkje korleis departementet ville stille seg til dei foreldra som hadde vorti avviste tidlegare, men i og med at *Birk* no kjem i fri bruk, bør vel alle som ønskjer det, kunne ta (tilbake) *Birk* ved såkalla kurant namneendring. Departementet har gjort eit godt vedtak, og det er å ønskje at dei held fram i same spor.

NYE NORNA-RAPPORTAR

NORNA-rapporter 50 (1992) har tittelen *Ägonamn* og inneheld foredraga frå NORNAs syttande symposium på Svidja i Finland 24.-26. mai 1991. Rapporten er redigert av Gunilla Harling-Kranck og Lars Huldén. Han har også komi ut i serien Studier i nordisk filologi (nr. 71), som Svenska litteratursällskapet i Finland står føre. Foredraga er:

Bengt Pamp: Skånska ägobeteckningar; **Gunilla Harling-Kranck**: Ägonamnen i ett regionalt system; **Ritva Liisa Pitkänen**: Sydvästfinska odlingsnamn; **Tuula Eskeland**: Om finske teignavn på Finnskogene i Norge; **Eivind Weyhe**: Marknavne i en færøsk bygd; **Staffan Nyström**: Ägonamn i Grödinge socken på Södertörn — några iakttagelser; **Ann-Christin Mattisson**: Ägonamnselementet *gärd* 'gärde' i Uppland; **Lars Huldén**: Efter täckdikningen; **Saulo Kepsu**: Unga ägonamn; **Bent Jørgensen**: Danske marknavne **live** — en studie i bønders egen brug af marknavne; **Lilliane Højgaard Holm**: *-bøl(le)* som efterled i marknavne?; **Staffan Fridell**: Ägonamn på *-nöten*; **Botolv Helleland**: Semantiske kategoriar i teignamn; **Gunnel Melchers**: "Runrigs" på Shetlandsöarna; **Marianne Blomqvist**: Leden FÄLT i svenska släktnamn i Finland.

NORNA-rapporter 52 (1993) heiter *Útgáva og atgongd* [tilgjenge] og inneheld foredraga frå NORNAs tjuande symposium i Tórshavn på Færøyane 22.-23. mai 1992. Rapporten er redigert av Eivind Weyhe. Foredraga er:

Eivind Weyhe: Færøske stednavnesamlinger — tilblivelse og tilgængelighed; **Þórhallur Vilmundarson**: Islandske stednavnesamlinger; **Anne Svanevik**: Sentralt stedsnavnregister (SSR) ved Statens kartverk, Norge; **Gillian Fellows-Jensen**: Fra stålpen til 486'er. En navneforskers odyssé; **Tom Schmidt**: EDB-registrering av norske navnesamlinger; **Gunilla Harling-Kranck**: Publiceringsprojektet Finlands svenska ortnamn; **Mats Wahlberg**: Officiella ortnamnsutgåvor i Sverige; **Bente Holmberg**: Udgaver af danske mark- og naturnavne i fortid og fremtid; **Bent Jørgensen**: Udtømmelsesgrad og parallelmateriale. To editionsproblemer; **John Kousgård Sørensen**: Stednavneudgavers brugerkredse.

Begge rapportane har engelsk samandrag av foredraga. Salet foregår no gjennom Swedish Science Press, Box 118, S-751 04 Uppsala. Telefon 018 365566. Telefaks: 018 365277.

NORNA-rapportar som står nærast for tur, er rapportane frå dei tre symposia "Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk" (Uppsala), "Övriga namn" (Göteborg) og "Slektsnamn i Norden" (Oslo). Dei kjem vonleg seinare i år.

NONELex VEKS OG VEKS

Sidan vi sist melde om arbeidet i NONELex (*Nytt om namn* nr. 15, s. 34-35), har samlinga auka med åtte artiklar, utsende i februar i år:

Namneledd	Forfattar
-ból (I)	Svavar Sigmundsson
-bólstaður (I)	Svavar Sigmundsson
-bú (I)	Svavar Sigmundsson
-hult (S)	Jan Agertz
-mark (S)	Birgit Falck-Kjällquist
-nöten (S)	Staffan Fridell
-ro(e)/-ron (S)	Staffan Fridell
-ryd (S)	Staffan Fridell

Forkortinga I står for Island, S for Sverige. Som vi ser er det ingen norske forfattarar denne gongen. La det vera ei oppfordring til sterkare innsats i neste runde! Artiklane med samleperm kan tingast frå *NONELex, Box 135, S-751 04 Uppsala*. Ein melder seg som fast abonnent og får artiklane etter kvart som dei blir ferdige. Prisen er svært låg, berre 20 kroner for dei åtte siste. Permen kostar ca. 35 kroner.

TILNAMN MED STYRKE

I alle miljø finst det tilnamn eller kallenamn på personar. Slike namn har både lokalhistorisk og språkleg interesse, og i den nordiske faglitteraturen er det ei rekkje verk og artiklar som tek for seg slikt namnemateriale. Men sidan slike namn ofte gjev negative assosiasjonar, bør ein vera varsam med å knyta dei til nolevande personar. Dette omsynet tel mindre når det er tale om personar som levde i eldre tid.

Nytt om namn presenterer her eit tilnamn og personen attom. Det er *Skalletruls*, og soga er etter Karl Gåta, prenta i *Kjelda* nr. 2 1992, s. 12 (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane):

"Skalle-Truls var namnet på ein mann som budde ute ved havet nær Sognefjorden. Han fekk dette namnet avdi han var so rask til å skalla folk som han kom i ugreide med. Han var elles ein sterk kar som gjorde mange meisterstykke når han vart heit i toppen.

Ein gong på byleidi vart han ute for nokre tjuvar som ville røva han. Då dei såg han var åleine, trudde dei det var lett sak.

Truls var òg ein gløgg og utspekulert kar når det bar i eit basketak. Det var heller ikkje noko nytt at røvarpakk tok på ferdafolk til og frå byen. Der hadde dei òg sine visse gøymeplassar om dagen.

Truls var godt førebudd på eit slag. Han tok alle togi av mastri og la ho klar i båten som verje om det trengdest. Truls rodde som vanleg frå nes til nes i fine veret då det frå land kom ein mann roande bort til båten hans. Mannen ville fretta bynytt. Då båten kom nærare innåt, reiste fleire mann seg opp og nytt ville alle vita. Ja, meinte Truls, ville dei no endeleg vita noko nytt so skulle dei no få det. Han tok mastri og svinga henne so kraftfullt at alle vart slegne i svime og fall ned i båten. Truls rodde vidare."

BLÅMANN OG LYKLE – BOK OM GEITENAMN

Til årsskiftet kjem det ut ei bok om norske geitenamn, skriven av Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken. Boka får tittelen "Blåmann og Lykle. Norske geitenamn" og blir den første i sitt slag. Ho gjer greie for namn på geit og bukk i tradisjon, historie og samtid, og går også litt inn på geita sin plass i folkekulturen før og no. Prosjektet er eit framhald av arbeidet med kunamna under samletittelen "Norske husdyrnamn". Boka blir utgjeven av Novus Forlag med økonomisk støtte frå Noregs forskingsråd, Avdeling NAVF.

SPIRENE TIL DEN NORDISKE NAMNERENESSANSEN

På 1800-talet voks det fram ei sterk interesse for personnamn frå Noregs ærerike fortid. Den nye nasjonen skulle byggjast med vyrke frå den gamle som hadde gått i kne, og eitt viktig tilskot var dei minna som namnebruken bar i seg. Resultatet av denne interessa for heimlege historiske namn blir vanleg kalla den nordiske namnerenessansen [renessanse = attføding]. Hjå enkelte var sansen for historia vekt alt ved lausrivinga frå Danmark, men det store løftet kom først med nasjonalromantikken tretti-førti år seinare, og namneinteressa høyrer framfor alt heime på det stadiet. Da fekk vi m.a. Munchs og Aasens agitasjon for ein norskare namneskikk. Ein kunne derfor vente at namnerenessansen brydda samtidig med det nasjonale gjennombrotet i 1840-åra. Men det er enno ikkje gjort undersøkingar som fast-

slår startpunktet og den første voksterfasen meir presist. Om dette skriv Terje Aarset i Norsk personnamnleksikon (1982, s. 66):

> Vi veit ikkje visst når utviklinga mot ein norskare namneskikk kom i gang og kvar det skjedde først. Men mykje tyder på at dei nordiske namna først slo gjennom i byane, og omslaget kan iallfall somme stader merkast frå 1840-åra.

I Namn og Nemne 1990 (s. 45) gjer historikaren Eli Fure merksam på eit tilfelle i 1815 der *Adelsten* blir teki i bruk fordi det er eit gamalt nordisk namn. Grunngjevinga fell altså saman med ideologien bak namnerenessansen. Spørsmålet blir om *Adelsten* fekk nære etterfølgjarar, eller om det berre vart stående som eit nedslag av meir individuell historisk interesse. Sjølv har eg komi over *Baldur Fridtjof* i 1817. Så heitte sonen til stortingsmann Hans Leierdahl Nansen (1764-1821) frå Stavanger. Men også dette synest vera eit isolert tilfelle.

Dersom det i det heile skjedde noko avgjerande før 1840-åra, kunne ein vente at det særleg kom til syne i Christiania, fordi hovudstaden også var sentrum for den historisk-nasjonale vekkinga. Eg har sett på kyrkjebøkene for Christiania og Aker for å få eit inntrykk av tilstanden der. Dei fleste dåpslistene frå 1815 og frametter er gjennomgåtte, men eg tør ikkje garantere at samlinga er komplett. Fram til 1855 har eg merkt meg desse namna:

> Harald 1823, Valdemar 1826, Hakon 1827, Ragnvald 1827, Tjodolv 1827, Olaf 1830, Sverre(r) 1830, Fridtjof 1832, Sigurd 1833, Halvdan 1842, Odin 1846, Hildur (!) 1849, Eyvind 1853, Gunntjov 1853, Jarl 1854, Ragnar 1854.
>
> Nanna 1831, Lagertha 1838, Gyda 1844, Alvhild 1845, Hildur 1855.

Utvalet er diskutabelt. I namneteknisk forstand hadde renessansen tre nivå: namn heilt utan tradisjon i samtid og nær fortid kom inn (t.d. *Sverre*), tradisjonelle namn fekk historiserande form (t.d. *Sigurd* for *Sjurd*), og lokale namn kom i nasjonalt omløp (t.d. *Ragnvald*). Moment to og tre gjekk elles ofte i hop. Drivkrafta bak det heile var den nasjonalhistoriske ideen, og såframt den var til stades, bør eit tilfelle kallast "renessanse". Men sidan motivet for namnevala sjeldan kan dokumenterast i ettertid, vil renessansen alltid bli stående med diffuse yttergrenser. Eg har sortert funna etter personleg skjøn, og somme vil nok reagere på det utvalet eg har. Sjølv er eg m.a. i tvil om *Harald*, *Lagertha* og *Nanna*, utan at eg kan gå inn på reservasjonane her. Noko eg ikkje hadde venta, var å finne *Hildur* som manns-

namn. I Sverige var det òg nytta slik på 1800-talet (Otterbjörk: Svenska förnamn, 1979, s. 99). Mest like overraskande er *Gunntjov* (frå Sverressoga), som aldri kom til å røte seg skikkeleg.

Namnet *Fridtjov* får god utbreiing alt i 1830-40-åra, men dei andre har stort sett berre einstaka belegg. Førebels står altså spirene heller spreidd, og for folk flest i samtida var dei nok enda mindre synlege enn dei er for oss som leitar med nett slike for auga. Dersom vi deler dei tretti åra 1826-55 i to like bolkar, finn vi at det skjedde like mykje i den første (1826-40) som i den andre bolken (1841-55). Førtiåra stikk seg slett ikkje ut, og før 1855 er det alt i alt for drastisk å snakke om nokon renessanse. Med ei rimeleg tolking av Aarsets "slo gjennom", og med atterhald for *Fridtjov*, må vi i Christiania minst fram til 1860 før snunaden er der. På den andre sida merkar vi avgjort at noko er i emning alt frå midten av 1820-åra. Kanskje vil mønsteret etter kvart bli at namnerenessansen i bystrok har ei lengre spiretid enn ein hittil har trudd, men derimot ei meir hastig bløming. Og at åra kring 1860 kan vise seg å vera den store vendekneiken, er ikkje tilfeldig: Da har flest alle av dei kulturelle faktorane — og ikkje minst den historisk-romantiske litteraturen — som Aarset nemner, hatt tid til å verke. Det er ganske illustrerande at *Dagny* blir eit av dei fremste renessansenamna straks Ibsens "Hærmændene paa Helgeland" har gått over scena i 1858-59.

Den påfallande lange startfasen i Christiania og Aker reiser eit spørsmål om kurva kan ha vori brattare andre stader. Skulle eg tippe at noko miljø låg framom hovudstaden t.d. i 1860, måtte det bli nokon av kystbyane frå Vestfold og nedetter til Aust-Agder, eller kanskje Stavanger, Bergen eller Trondheim. Men helst trur eg at det første opptaket kjem så mykje seinare der at ei eventuelt brattare kurve ikkje gjev dei noko forsprang.

Notata frå Christiania og Aker viser elles at pionerane rett ofte høyrde til dei høgre samfunnslaga. Såleis var far til Sverre (1830) professor i økonomi Gregers Fougner Lundh (1786-1836), også kjend som språkagitator. Han smelte like godt til med *Sverrer Hakon Harald Olaf* på sonen sin. Andre synest vera sosialt fristilte eller sosialt på vandring. Dette tilfører òg Aarsets karakteristikk (s. 67) ein viss nyanse.

Til slutt eit paradoks: Når det lid så langt at namnerenessansen blir statistisk målbar, har sikkert mange allereie fått namna fordi dei var moderne og moterette, og ikkje fordi namngjevarane brann for den nasjonsbyggjande ideologien.

KK

PENE NAMN

Så heiter ei hendig lita bok om norske personnamn som Ostereidet mållag i Hordaland gav ut i 1992. Boka er laga for foreldre som vil gje barnet eit pent namn, og mottoet er: **Norske namn er pene namn**. Mållaget fører med dette vidare tradisjonen frå P.A. Munch, Ivar Aasen, Ludvig Bru, Agnar Skeidsvoll og andre. Opplegget liknar også mykje på prinsippa bak den islandske *Nafnabókin* (sjå nedanfor). Boka inneheld ca. 600 kvinnenamn og ca. 830 mannsnamn, medrekna skriftvariantar som *Inggeir* og *Ingegeir*. Dei fleste namna er av norsk og norrøn rot, men det er òg teki med nokre utanlandske namn som kom tidleg inn, og som har vorti fullt integrerte i norsk, t.d. *Eli*, *Kari*, *Jon* og *Per*. Slike former er avmerkte med stjerne. Etter føremålet synest eg boka har eit godt utval, bortsett frå at ho manglar ein del yngre samansetjingar, t.d. *Fridbjørg* og *Kjellfred*.

Alle namna blir forklarte logisk og positivt. *Daghild* er 'den klårsynte i striden', *Gunnstein* 'den pågåande og prydelege' og *Sverre* 'den driftige'. Utgjevarane seier at "namnetydingane byggjer noko fritt på det granskarane har kome fram til". I somme tilfelle har dei funni på heilt nye tolkingar for å få eit vakkert innhald, t.d. at *Sissel* er 'den blomefagre' (det rette er 'blind'). Tydingane er flest alle fagleg uakseptable. Spørsmålet blir da om eit edelt mål helgar slike middel. Eg trur namnerøkta står seg best på å føre sannferdig kunnskap.

Boka er på 64 sider og kostar 80 kroner. Ho kan tingast frå Ostereidet mållag, 5160 Eikangervåg, tlf. 05/354226.

KK

ENDA EI ISLANDSK NAMNEBOK

I *Nytt om namn* nr. 16 (s. 31) fortalde vi om den store islandske personnamnboka *Nöfn Íslendinga*, som vart utgjeven i 1991. Same året kom ei revidert utgåve av Hermann Pálssons *Nafnabókin*. Førsteutgåva er frå 1981, og ho avløyste i si tid *Íslenzk mannanöfn* frå 1960. *Nöfn Íslendinga* og *Nafnabókin* er svært ulike og kan avle mange tankar om opplysning og ideologi i namnegranskinga. Sidan den første blir omtala i Namn og Nemne 9 (1992), skal eg her berre seie nokre ord om *Nafnabókin*. Boka har eit uttala puristisk sikte. Ho vil vekkje sansen for dei gode islandske namna og skikke det utanlandske kramet på dør. Og framgangsmåten er utan knussel: Hermann Pálsson tek berre med dei namna han personleg finn akseptable. Av ikkje-islandske namn vil det i praksis seie slike som kom inn i mellomalderen,

t.d. *Andrés* og *Sesselja*. Boka gjev dermed dårleg innblikk i dei faktiske namnevanane på Island i nyare tid. Ho seier heller ikkje stort om bruken av dei namna som *har* fått rom. Språkhistorisk er det derimot ein del å hente, t.d. om tyding og bruk av namneledd.

Det er særleg som ideologisk dokument boka er interessant. I tillegg til det spesielle utvalet merkar vi m.a. ein tendens til å forklare toledda namn logisk, t.d. *Svanfríður* som 'ho som svanene elskar'. Dei fleste fagfolk vil knapt innestå for dette. I føreordet går Pálsson til open polemikk mot Karl Sigurbjörnssons *Hvað á barnið at heita?* (1984), som han meiner har sleppt inn for mange tvilsame namn. Deretter får publikum refs for å ha teki i bruk "slík ónefni" (slike unamn) som *Guðrúnius, Björnína* osv.

Pálsson vil altså misjonere — og kanskje har han ikkje arbeidd fåfengt. Den første boka hans er no over tretti år gamal. Han synest merke at namneskikken på Island har betra seg (dvs. vorti meir nasjonal) sidan den tid, og han vil gje boka del i æra for det. Dersom dette held stikk, får vi ein parallell til P.A. Munchs og Ivar Aasens ideologiske arbeid, som avgjort bar frukt i si tid. Det er for øvrig eit arbeid boka *Pene namn* (sjå ovanfor) no satsar på å fornye. Men i det moderne samfunnet — og det gjeld både hos oss og på Island — trur eg nok at namnereinsinga først og fremst er avhengig av eit gunstig kulturklima, og at det er underordna kva puristiske skrifter eismale kan utrette. Men det er sjølvsagt eit fullverdig ønske at alt godt namnetilfang skal vera tilgjengeleg i stimulerande form. Marknaden bør ha plass for både oppdragande og altomfattande bøker. Så får kvar velje som han vil.

KK

STORVERK OM NAMNEDAGAR

Den gamle meister Alf Henrikson har nyss sendt ut ei revidert utgåve av boka *Alla årets dagar. En evighetskalender*. Stoffet vart først presentert som "anspråkslösa kalendariska notiser" i Dagens Nyheter i 1952. I bokform kom det i 1965, og sidan har forfattaren laga ei rekkje utgåver med ymse små endringar. Men dei siste åra har det skjedd så mykje på feltet namnedagar og namnedagsfeiring at det var ønskjeleg med ein grundigare revisjon. Ikkje minst har svenskane sjølve fått ei ny liste som måtte setjast inn (sjå *Nytt om namn* nr. 16, s. 30-31). Henrikson tek dessutan omsyn til den reviderte katolske helgenkalenderen, dei norske namnedagane og den nye namnebruken i Finland. Boka følgjer dagane kronologisk frå første januar til siste desember, med vel ei side på kvar, og fortel om bakgrunnen for

dei ulike kalenderinnførslene i gamal og ny tid. Utgangspunktet blir ofte seinantikken fordi dét var den store martyr- og helgentida som tradisjonen gjerne — med rette eller urette — knyter seg til. Innleiingsvis gjer Henrikson også greie for ymse system for tidsrekning og for festdagane i kyrkjeåret. Boka er på 614 sider og er utgjeven av Norstedts Förlag i Stockholm.

Det er som kjent minnedagane frå den offisielle katolske festkalenderen som utgjer grunnlaget for den sekulariserte namnedagsfeiringa òg. Men det ligg nok meir god fortelnad i gamal helgentradisjon enn i frekvensar frå eit nymotens folkeregister. Det er reint påfallande kor karrig den moderne tilveksten — den norske inkludert — ter seg i høve til floraen av legender som omgir helgennamna. Kanskje har skilnaden litt med Henriksons talent og interesser å gjera. Han har ei makelaus evne til å gje det historiske stoffet liv. Han har for lengst skaffa seg ein fascinert lesarkrets her i landet med. Namnedagsboka kjem ikkje til å skuffe nokon, det kan eg lova. Også fagleg er *Alla årets dagar* etter mi meining den beste på sitt felt. Dei detaljerte og pålitelege opplysningane i kombinasjon med eit godt register gjer boka til eit framifrå oppslagsverk. Men ein kan gjerne unne seg gleda ved å slumpelesa litt først.

KK

Maivignett i *Alla årets dagar*

FRANSKE NAMNEMOTAR

Den franske avisa *Le Figaro* har ei spalte som vert kalla "Carnet du jour" der foreldre kan kunngjera namnet på nyfødde born eller adopterte born. Avisa har laga ein liten brosjyre der namna er førte opp etter kor mange gonger dei har førekome i denne spalta i året. For 1992 ser lista over dei 10 vanlegaste jente- og gutenamna slik ut (med rekkjefylgja for 1991 i parentes):

1992		(1991)	1992		(1991)
Marie	31	(Marie)	Paul	31	(Nicolas)
Camille	19	(Charlotte)	Louis	28	(Alexandre)
Juliette	18	(Camille)	Alexandre	19	(Louis)
Claire	16	(Clémence	Antoine	17	(Thomas)
Marine	13	(Victoire)	Augustin	17	(Antoine)
Charlotte	12	(Constance)	Charles	17	(Guillaume)
Agathe	11	(Eléonore)	Guillaume	17	(Paul)
Eléonore	11	(Margaud)	Thomas	17	(Pierre)
Mathilde	11	(Mathilde)	Arthur	16	(Edouard)
Victoire	11	(Alix)	Pierre	15	(Adrien)

Som ein ser, kviler tabellen på eit svært tunt grunnlag og må ikkje sjåast som eit absolutt uttrykk for "ti-på-topp"-namna i dagens Frankrike. Ein kan dessutan spørja kva for sosiale lag det er som kunngjer namn i Le Figaro. Men dei oppførte namna speglar utvilsamt av tendensen i det parisiske bourgeoisiet.

BH

H — som Hans, A som and, N — som Niels, S — som Søren, — Ja — altså HANS!

ATT UPPTECKNA ORTNAMN

Også i Sverige finst det mange stadnamn med lokal utbreiing som ikkje er innsamla, eller som er innsamla, men manglar uttaleopplysning. No har den unge svenske namneforskaren Staffan Nyström ved Institutionen för nordiska språk i Stockholm skrive eit lite hefte med tittelen *Att uppteckna ortnamn. Bakgrund och praktiska anvisningar.* Heftet er på 34 sider og er kome ut både i Lantmäteriet sin serie *Ortnamn och namnvård* (som nr. 2, Gävle 1992) og i *Skrifter utgivna genom Ortnamnsarkivet i Uppsala. Serie B. Meddelanden* (som nr. 9, Uppsala 1992).

I føreordet vert det opplyst at heftet i fyrste rekkje er "riktad till studiecirklar och hembygdsföreningar. Tanken är att i lättillgänglig form visa hur man kan gå tillväga vid insamling och dokumentation av ortnamn". Dette målet innfrir forfattaren fullt ut. I ei instruktiv og presis form gjer han greie for kva som skil stadnamn frå andre ord, kvifor det er viktig å samla inn stadnamn og korleis ein går fram. Han rår til at det vert nytta namnelister (som på mange punkt minner om dei tilsvarande norske, sjå kopien neste side), og at namna vert markerte på økonomiske kart ved hjelp av nummer. Målestokken som vert tilrådd, er 1:10 000 eller 1:20 000. Etter mitt syn er denne målestokken i minste laget når ein skal festa namnet til små terrengdetaljar. Namnelista har plass for både oppslagsform og lydskrift, men som realistisk er, vert det ikkje kravd større grannsemd i lydskrifta enn det oppskrivaren er i stand til. Forfattaren legg elles stor vekt på å forklara grunnprinsippa i lydskrifta. Lydbandopptak vert tilrådd berre når ein er sikker på at informanten kan snakka uforstyrra av mikrofonen — som kjent har mange ein tendens til å normera uttalen i ein slik situasjon. Når innsamlinga for det aktuelle området er fullført og listene ferdig utfylte, skal namna førast over på arkivkort i same format som ved dei vitskaplege namnearkiva og alfabetiserast. Deretter skal dei sendast inn til det regionale arkivet som området høyrer inn under (Umeå, Uppsala, Göteborg, Lund).

Her kunne ein, med bakgrunn i den elektroniske tidsalderen me lever i, etterlysa ei dataregistrering av tilfanget. På den andre sida er det ut frå svenske tilhøve truleg enno ei tid mest praktisk med arkivkort, særleg med tanke på innlemming i dei eksisterande setelarkiva. Det er å vona at dette rettleiingsheftet fører til ein fruktbar datafangst, for å nytta det uttrykket.

BH

NAMNLISTA

(A) NAMNLISTA NR 5 AV 19

(B) KARTBLAD: ek. 9H: 62 (1988) 1:20 000

(C) BY/GÅRD: Sörby

SOCKEN: Ärdala

HÄRAD: Villåttinge

LÄN: Södermanland

(D)

INFORMANT: Lennart Ohlsson

FÖDELSEÅR: 1922

UPPVÄXTORT: Ärdala (E)

(F) UPPTECKNARE: Staffan Nyström

DATUM: 21 okt. 1991 (G)

NR	NAMN	UTTAL	KATEGORI	LÄGE	ÖVRIGA UPPLYSNINGAR
29.	Sörbygraven	sö:rbygra:va	uppgrävd å	→	Vattenflödet mellan Vänstranssjön och Bäven. Sträckan närmast Bäven kallas också Lisslograven.
30.	----				
31.	-----				
(H)	(I)	(J)	(K)	(L)	(M)

Kopi (forminska) av namneliste i *Att upptecknа ortnamn*

NYE HJELPEMIDDEL I NAMNEGRANSKINGA

Serien *Regesta Norvegica* går vidare. No (1993) har band VI komi ut under redaksjon av Halvor Kjellberg ved kjeldeskriftavdelinga på Riksarkivet. Regesten er eit kronologisk oversyn over norske mellomalderdiplom. Band VI dekkjer åra 1351-69. Det blir opplyst om utferdingsstad og -dato, om brevet er original eller avskrift, kvar det ligg, om det er trykt (oftast Diplomatarium Norvegicum), og kva det inneheld, inkludert alle stadnamn og personnamn som brevet har. Det er det siste som gjer regesten så verdifull for namnegranskinga. Stadnamnbelegga er for størstedelen tilgjengelege gjennom Norske Gaardnavne, men personnamna – der frekvens er eit nøkkelomgrep – har vi ikkje hatt like god inngang til (Linds samlingar er upraktiske i så måte). Regesten har fullstendig namneliste som med ei viss varsemd faktisk kan lesast som ein tabell over norsk personnamnskikk kring midten av 1300-talet. Det er som i dei fleste gamle kjelder ei sterk overvekt av mannsnamn. Namna i band V (1337-50) har Erik Gunnes drøfta i ein svært lesverdig artikkel i Maal og Minne 1983. Band VI inneheld eit ypparleg materiale til å utfylle og vidareføre framstillinga hans.

I 1991 gav Odd Arne Helleberg ut Alexander Rabe von Pappenheims Jordebok over Telemark (Bratsberg len) frå ca. 1615, etter original i Riksarkivet. Jordeboka vart sett opp med tanke på å få med bondegodset. Ho nemner odelsbønder og leiglendingar med odelsgods og kva gardar dei hadde part i. Sidan utgangspunktet er eigarane, blir systemet geografisk sett litt uryddig, men Helleberg har laga register over stader og personar med heimfesting og sidetilvising, så det er lett å finne fram. Boka har ei mengd med belegg på både gardsnamn og personnamn. Ho fyller ein viktig plass blant trykte kjelder frå det første hundreåret etter reformasjonen, og er namnemessig sett ein verdig forløpar for skattematrikkelen frå 1647.

Telemark har nyleg (1992) òg fått eit anna "namneverk" – det første i sitt slag, så vidt eg veit. Arne Johan Gjermundsen har laga eit oversyn over alle offentlege arveskifte i gamle Holla kommune for perioden 1667-1900. Boka er delt i to. Første delen omtalar skifta alfabetisk etter garden og kronologisk innafor kvar gard. Vi får skifteår, kjeldetilvising og namn på arvelatar og arvingar med alder. Andre delen er eit alfabetisk register over arvelatarane med gard og skifteår. Boka gjer i alt greie for ca. 1200 skifte og ca. 10.000 namnetilfelle (men færre personar fordi somme er nemnde under meir enn eitt skifte). Materialet har etter sin natur full jamvekt mellom manns- og kvinnenamn, og er spesielt verdifullt på grunn av kvinnenamna i dei eldste generasjonane, som ikkje kjem så godt med i andre kjelder. Boka er oversiktleg og har fint trykk og god innbinding.

KK

NAMN OG STADER I SIRDAL

For vel ti år sidan tok Sirdal kulturstyre initiativ til organisert innsamling av stadnamn i kommunen. Arbeidet vart lagt opp og gjennomført i nært samarbeid med stadnamnprosjektet i Rogaland, og leiaren for Rogalandsprosjektet, Inge Særheim, har òg vori fagleg ansvarleg for innsamlinga i Sirdal. Sirdal ligg i Vest-Agder, men grensar til Rogaland. Historisk og språkleg har kommunen òg mykje sams med Rogaland, så det var naturleg for sirdølene å knyte innsamlinga til arbeidet der. Aksjonen vart avslutta i 1992. Da hadde det komi inn ca. 12.000 namn. Alt same året kunne Særheim leggje fram ei bok på 430 sider med systematisk drøfting av dette umåtelege tilfanget. Boka heiter *Sirdal. Namn og stader*, med undertittelen *Namnetolkingar*. Ho er laga etter same mønster som bøkene om Kvitsøy og Utsira (sjå *Nytt om namn* nr. 10, s. 42-43, og nr. 12, s. 32-33), men som undertittelen viser, vart det ikkje denne gongen plass til lister og kart. Den fulle bruksverdien får vi først når alt saman er publisert. Eg vil likevel nytte høvet alt no til å gratulere Sirdal kommune og forfattaren med eit arbeid det står respekt av, både når det gjeld kvalitet og framdrift.

Særheim fortel først om sjølve innsamlingsarbeidet og går så inn på namnet *Sira* og nokre andre gamle elvenamn i området. Han utnyttar i stor mon idear og resultat frå Hans Krahes teori om eit gamaleuropeisk vassnamnsystem. Neste kapittel skildrar lydverk og formverk i sirdalsmålet, med eit tillegg om samansetjing av namneledd. Så følgjer ei utgreiing om kvifor stader får namn, og korleis stadnamn blir laga språkleg. Det første hovudkapitlet, "Kulturhistoriske opplysningar i stadnamna", opnar med ei metodisk innføring i namnetolking, med vekt på *kombinasjonen* av språkleg og realt moglege utvegar. Dermed er vi framme ved Sirdals-materialet i all si breidd.

Dei kulturhistoriske opplysningane er systematiserte etter namn for busetjing, landbruk, dyreliv og dyrefangst, ferdsel og andre verksemder og tradisjonar. Kvart emne inneheld ei rekkje underbolkar; namn som fortel om landbruk, dekkjer såleis både jordbruk, husdyrhald og voksterressursar (planter og skog). Desse emna er så delte inn i sine underemne att. Systemet er logisk og oversiktleg, og døma er rikhaldige. Det finst neppe den detalj i namngjevingsmotiva som er utegløymd. På subjektivt grunnlag vil eg til denne delen kommentere tre små ting:

Særheim fører opp *Bjønns(h)i* som eit samansett namn på line med *Bjønndalen* o.fl. Eg trur det heller er eit samansett ord. Skilnaden betyr ikkje noko for den saklege tolkinga, men er avgjerande for strukturanalysen. Lenger nede i same kapitlet drøftar Særheim om *godfar* i stadnamn er ei omskriving for 'bjørn' eller rett og slett det vanlege ordet for 'bestefar' i

dialekten. Her meiner eg ein i større grad enn Særheim gjev uttrykk for, kan bruke stilnivået i stadnamn generelt som metodisk sporsøkar. Namn reflekterer som kjent helst normalnivået i språket, og det skulle gje eit pluss til alternativet 'bestefar'. Under framstillinga av personnemne blir *kjerring* forklart sakleg og direkte på same måten som *jente, dreng* osv. Faglitteraturen har hatt ein tendens — og nok ikkje utan grunn — til å tolke namn på *Kjerring-* biletleg (metaforisk). Det hadde vori verdifullt å få Særheims syn på problemet.

Neste hovudkapittel er eit alfabetisk oversyn over nemne for terrengtype. Her blir det opplyst om grammatiske tilhøve, tyding, utbreiing og kva føreledda siktar til i dei tilfella ordet står som hovudledd. Namn med dunkle føreledd er ofte utskilde i eigne lister, såleis t.d. under *tjørn, to* og *vatn*. Oversynet nemner i alt over 300 ord. Det er svært mykje for eit så avgrensa område. Mengda fortel både om variert lende, nyansert ordbruk og god tradering — og ein viss liberalitet frå Særheim si side. Ein kan m.a. diskutere om *gump* og *krins* er terrengnemne, når *rumpe* og *kringle* ikkje er det. Det er heller ikkje problemfritt å skilje mellom ord som *bru* (med i lista) og *smie* (ikkje med). Begge viser til menneskeverk med punktmessig, varande lendereferanse. Endeleg kan ein etter mitt syn gje argument både for og imot at einstaka namn som **Hœna* og **Jǫkla* bør stå i ei ordliste. Særheim tek dei med.

Materialdelen blir avrunda med oversyn over jamføringsnemne og personnamn i stadnamna. Jamføringsnemna blir drøfta alfabetisk etter same mønster som terrengnemna, men kommentarane er knappare fordi gruppa er fåment og kvart ord ofte ikkje finst i meir enn eitt namn. Ein del nemne fell utanfor både jamførings- og terrengorda, og desse blir berre diskuterte på relevant plass i det kulturhistoriske kapitlet. Nesten 600 stadnamn inneheld personnamn. Desse gjer Særheim greie for historisk, statistisk og språkleg. Tilfanget vitnar om ein sterk heimleg tradisjon med til dels markert lokalt preg, t.d. kvinnenamnet *Adlaug* og mannsnamnet *Eibram*. *Adlaug* blir overtydande kopla til *Arnlaug* (underforstått *Arnlaug* > *Arlaug* > *Adlaug*), ein tanke som Aasen òg i si tid var inne på, men som Vågslid seinare gav opp (han sette det i staden til *Aslaug*). *Eibram* blir ikkje forklart, men det må vera det gamle *Eybrandr*. Det har i etterreformatorisk tid visst nok vori avgrensa til Dalane og Sirdal.[1] Forma *Eibram* verkar lydleg umotivert. Dersom kronologien ikkje er til hinder, er forklaringa kanskje analogiverknad frå *Abram* (av *Abraham*).

---

[1] I Skattematrikkelen 1647 (Univ.forl. 1972) er namnet feilaktig oppfatta som *Egbrand*.

I eit par tilfelle stussar eg over klassifiseringa. Mellom belegga på *Gjertrud* står *Jetrofjedle*. Er ikkje dette heller mannsnamnet *Jetro*? Alle dei andre belegga har forma *Jertru-*. *Gro* blir rekna for ei særskild form av *Guro*, men reduksjonen *Guro* > *Gro* er uvanleg og reiser etter mitt syn større problem enn den tradisjonelle tilknytinga til norr. *Gró*. Historisk sett kan ein sjå Agder som ein ytterkant av det gamle *Gro*-valdet, slik det m.a. avteiknar seg i folketeljinga frå 1801. Mannsnamnet *Aver* set Særheim til det sjeldne – og på norsk grunn tvilsame – *Ævar*. Eg synest Vågslids kopling til norr. *Olvir* har meir for seg. Ein må da rett nok føresetje *l*-bortfall, som ikkje er så vanleg i sirdalsmålet som lenger aust, men det finst mange nok døme (m.a. *kvelv* > *kvæv*) til at utviklinga i namnet blir akseptabel. Så ein merknad til terminologien: Særheim seier personnamnet er etterledd i typen *Haien a Jori* (Hagen av Jørid). Det er på sin måte rett, men likevel uheldig, fordi *etterledd* i namnelitteraturen oftast blir brukt synonymt med *hovudledd*. Syntaktisk er *a Jori* underledd på nivå med *Jori(s)-* i *Joriskvæv*. (Særheim nyttar gjennomgåande termane føreledd og hovudledd.)

Namna blir skrivne både i dialektform (med vanlege bokstavar) og i normert form, og det blir via ei forkorting vist kva gardsvald stadene høyrer til. Aller sist følgjer lister over namnegardar, heimelsfolk og faglitteratur.

Sjølv om eg ser annleis på nokre detaljar, vil eg utan reservasjon kalle Sirdals-boka eit storverk i den lokale stadnamnlitteraturen. Systematikken er faktisk så god at framstillinga på sine stader blir litt monoton – men det reduserer ikkje kvaliteten. I meldingar av eit visst slag høyrer det med å seie kven boka "høver" for. Denne høver for alle!

Boka er til sals ved Sirdal folkebibliotek, 4440 Tonstad, og kan elles fåast gjennom vanleg bokhandel. Nummeret er ISBN 82-990635-8-2.

KK

REGISTRERING AV STADNAMN VED BRUK AV WP 5.1

Den registreringsmetoden eg skal gjera greie for her, føreset at ein kjenner tekstbehandlingsprogrammet WP 5.1. Utgangspunktet for registreringa er to dokument som vert kalla **namn.skj** og **altp.wpm**. Det siste er ein makro. Begge desse filene kan ein få på diskett ved å vende seg til underskrivne.

Fila **namn.skj** inneheld skjemaet som stadnamna skal skrivast inn i. Dette skjemaet er laga i samsvar med "Skjema for EDB-registrering av stadnamn", utarbeidd av Tom Schmidt ved Avdeling for namnegransking og trykt som vedlegg til *Nytt om namn* nr. 9, 1989. Makroen **altp.wpm** har til

oppgåve å hente inn skjemaet **namn.skj** kvar gong eit nytt namn skal registrerast.

Margar

Før ein tek til å skrive inn stadnamn i eit dokument, må ein definere margar. Linjene bør ikkje vera over ei viss lengd for at me seinare skal kunne lagre namna i våre edb-program. Margane bør definerast slik:

Venstre marg 2 cm
Høgre marg 5 cm

Desse margane skal altså liggje fremst i kvart dokument som inneheld postar med stadnamn.

Namn.skj

Fila **namn.skj** er inndelt i 13 felt, dvs at skjemaet har plass til 13 ulike slag opplysningar for kvart namn. Det er sjølvsagt muleg etter behov å stryke eller leggje til fleire felt.

Det enkelte feltet vert identifisert ved ein kode på "4 store bokstavar". Det er desse kodane (med 4 store bokstavar) som kjem fram på skjermen ved edb-registrering av namna. Rekkefølgja til feltkodane er ordna i samsvar med det innsamlingsskjemaet (stadnamnlista) som er utarbeidd ved vår avdeling. Elles kan rekkefølgja til feltkodane endrast etter ynske, også etter at edb-registreringa har begynt.

Dei 13 feltkodane i **namn.skj** representerer då ulike slag opplysningar, og her følgjer ei forklaring på kva slag opplysningar dette er:

INNR	namnenummer (det nummeret som evt. står på kartet)
OSFO	stadnamnet (oppskrivarform)
PREP	preposisjon
LOKA	den lokaliteten namnet er namn på
KOMM	andre opplysningar, f eks om tolking, bruk osv
GBNR	gards- og bruksnummer
KARU	kartrute (Døme: BC3)
UTTA	uttale
KONR	kommunenummer
SOBY	sokn, bygd
KART	kartblad (Døme: ØK CJ 043-5-4)
INFO	informant m/fødselsår (Døme: Haug, Per 1909)
OPPS	oppskrivar og år (Døme: Berg, Kari 1992)

=

Etter kvar post (dvs kvart namn) skal det vera eit "er lik"-teikn (=). Dette teiknet er ein fast del av skjemaet og markerer at posten er slutt.

Dette er **formatet** på skjemaet, og det ein må hugse på, er at

- feltkoden er 4 store bokstavar
- etter feltkoden skal det vera 2 — to — mellomrom (blanke)
- etter dei to mellomromma skal ein skrive inn dei enkelte opplysningane.

Namn.skj er laga slik at markøren stoppar to mellomrom etter feltkoden. Det skal med andre ord vera to mellomrom mellom feltkoden og dei opplysningane ein skriv inn.

Eit felt kan godt stå tomt. Då er det berre å bruke pil-tasten til neste felt.

Førehandsfyll

Når same opplysning gjeld fleire namn, er det praktisk å skrive denne opplysninga som førehandsfyll i **namn.skj**. Då vert den felles opplysninga repetert frå post til post. Dette gjeld særleg opplysningar om kommunenummer (KONR), kartblad (KART), informantar (INFO) og oppskrivar (OPPS). Førehandsfyll skriv ein inn ved at ein hentar fila **namn.skj** inn i WP 5.1, skriv inn førehandsfyllet der det høyrer heime i skjemaet, og arkiverer fila på vanleg måte. Hugs at det skal vera **2 — to** — mellomrom (blanke) mellom feltkoden og det ein skriv inn (sjå ovanfor).

Makroen "altp"

Makroen **altp** er laga i WP 5.1. Denne makroen er programmert til å hente inn fila **namn.skj**. Ved å halde **alt**-tasten nede og så trykkje **p**-tasten kjem fila **namn.skj** fram på skjermen. Markøren stiller seg automatisk der ein skal begynne å skrive, dvs to plassar etter feltkoden INNR. For å kunne bevege seg rundt i skjemaet må ein bruke pil-tastane.

Når eit skjema er ferdig utfylt, skal markøren stå under "="-teiknet (f eks ved å trykkje på "skjerm-ned" eller "side-ned". Ved å trykkje på makroen **altp** hentar ein så inn eit nytt skjema på skjermen. For kvart nytt namn må ein altså hente inn eit nytt skjema ved å bruke makroen **altp**.

Framhaldslinjer

Det kan skje at innhaldet i eit bestemt felt går over meir enn ei linje. Framhaldslinjene skal begynne i same posisjon som den fyrste linja. Det vil seie

at frå venstre marg skal det vera 6 mellomrom (her skal ein bruke ordskiljar og ikkje tabulator eller innrykk). Det kan til dømes sjå slik ut:

KOMM Dette er ei prøve på korleis det skal sjå ut når eit feltinnhald går over meir enn ei linje.

Kvar linje i eit slikt framhaldsfelt skal slutte med "fast linjeskift" (returtasten).

Det er viktig at edb-registreringa skjer på denne måten, om Avdeling for namnegransking på ein enkel måte skal kunne overføre namnematerialet til sine edb-program.

Margit Harsson
Oslo

DATAREGISTRERING I GARDERMOPROSJEKTET

Gardermoprosjektet, som har til oppgåve å samla inn, dataregistrera og klassifisera alle stadnamn i dei to romerikskommunane Nannestad og Ullensaker, har no vore i gang i vel to år. Innsamlinga i marka er nærast avslutta, berre noko etterrakster står att. Det meste av kontrollarbeidet med kartfesting og lydbandopptak av uttalen er utført av pensjonist Ola Breen i Nannestad. Ved Avdeling for namnegransking har Per Bøhler vore engasjert for å skriva inn på data. Det meste av materialet frå Nannestad er no lagt inn. Innskrivingsprogrammet heiter RUBREG og er laga av Kåre Andersen ved Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Oslo.

Oppdragsgjevarane for prosjektet er Luftfartsverket og Fylkeskulturavdelinga i Akershus. Når materialet er ferdig registrert, skal det lagast ein katalog sortert etter namnetype og tydingsgruppe. Katalogen skal stillast til disposisjon for oppdragsgjevarane og dei aktuelle lokalsamfunna. Målet er å utnytta materialet både til forsking og til praktisk bruk i den komande utbygginga av storflyplassen på Gardermoen.

BH

STUDENTARBEID OM NAMN

Hovudfag i Bergen

Toralf Aas: Stadnamn frå Søre Herefoss, Birkenes i Aust-Agder. Hovudoppgåve våren 1992. IX + 165 sider.

Oppgåva byggjer på 891 stadnamn samla inn frå gnr. 20-28 i gamle Herefoss kommune (no ein del av Birkenes) sør i Aust-Agder. Aas har med vilje sett bort frå skriftlege kjelder og let det munnlege tilfanget bera heile framstillinga. Slik får han demonstrert kva tradisjonen i dag er verd. Resultatet er både positivt og uroande: Han blir på plussida kjend med mange namn som t.d. skolebarnsoppskriftene frå 1930-åra ikkje har, men merkar på minussida at tradisjonen smuldrar for kvar dag og i viktige delar held på å kverve for godt. Sjølve bergingsarbeidet er eitt av motiva for å skrive oppgåva.

Materialet er analysert og sortert på edb, men elles er opplegget tradisjonelt. Innsamlingsområdet blir skildra geografisk og kulturelt, og målføret blir framstilt fonologisk og grammatisk med dei kategoriane som trengst for namneanalysen. Herefoss ligg midt i eller inntil fleire viktige dialektgrenser, m.a. skiljet *-ene/-ane* i bf. fleirtal, lenisering av *p, t, k* og bortfall av *r* i pres. av verb og i fleirtal av substantiv. Fonem- og formsystemet blir supplert med eit oversyn over det norrøne grunnlaget for dei einskilde vokalfonema, og eit oversyn over korleis dei einskilde norrøne vokalane er reflekterte i dialekten. Aas poengterer at dialektsystemet er enkelt og namna stort sett språkleg gjennomskinlege.

I namnedelen drøftar Aas først nokre analyse- og strukturproblem og går så over til ei statistisk handsaming av komposisjonstypar. Han seier opent at det siste er gjort med uhug, fordi ymse feilkjelder kan redusere verdien av resultata til nesten ingen ting. Det verkar som han òg slepper eit sukk over kva slike tal (*med* desimalar!) skal brukast til. Sjølv har han ikkje høgre mål enn å samanlikne med andre som har gjort like eins. Reaksjonen er forståeleg. Aas er heller ikkje den første som har kjent seg pressa inn i eit altfor stivkanta mønster. På den andre sida kan ein naturlegvis hevde at namnegransking også er eit handverk som må lærast gjennom slit og slep og mange banale operasjonar.

Neste kapittel er eit alfabetisk oversyn over grunnord med normalisert oppslagsform, norrøn form, bøying, førekomstar i stadnamn, tyding og døme på namn. Definisjonsgrunnlaget er "ord som er eller har vore i bruk som lokalitetsappellativ i målføret i området" (s. 43), altså omtrent den same definisjonen som Lars Ekre utforma i boka om stadnamn frå Midt-Jotunheimen (1960), og som har vori retningsgjevande i norsk stadnamn-

gransking sidan. Aas har ei ryddig framstilling av grunnorda, men får seinare i oppgåva visse vanskar med å skilje mellom grunnord som ord og som leddfylling i namn. Påstanden at namn utan hovudledd manglar grunnord (s. 81), er kanskje berre ein glipp, men at terrengord i utmerkingsledd — som *døbbel* (dam, pytt), *gjel* (kløft), *knape* (knaus) o.fl. — ikkje er nemnde i grunnordlista, strir mot definisjonen og må skuldast forveksling av ord og ledd. Dette er elles ikkje nokon kritikk mot Aas åleine, for mange har vildra meir enn han. Problemet trur eg botnar i at ein rein orddefinisjon blir nytta som strukturomgrep utan at ein klargjer skilnaden mellom nivåa. Paradoksalt (eller typisk) nok har dette heller forverra seg etter at edb-teknikken kom i bruk.

Samtidig kan det vera vanskeleg å velje ein fast synsvinkel kronologisk. Aas skifter litt mellom eldre og yngre namnefunksjon, og kjem også av den grunn ut med varierande grenser mellom kategoriane. Om t.d. *kvern* i eit usamansett namn skal kallast hovudledd i hans system, avheng av om det framleis står ei kvern på den staden som namnet *Kvern* viser til.

Utmerkingsledda blir også gjennomgåtte systematisk etter formelle og semantiske kriterium. Dei fleste ledda er greie å plassere, men som Aas viser, kan ein stundom koma i tvil om eit utmerkingsledd er eit stadnamn i seg sjølv eller eit terrengappellativ. Eit anna problem er å skilje mellom samansette appellativ og samansette namn. Namnet *Skarkhola* (til *skark* m 'skotgamp') står såleis på grensa, og Aas fører det opp både som grunnord og som toledda namn. I personnamngruppa er *Ankjell* avmerkt som kvinnenamn, men det skal vel vera mannsnamn. Eit personnamn inneheld kanskje òg *Sillajordet*, som Aas ikkje tolkar. Kvinnenamnet *Silla* var ein del brukt nettopp på Agder på 1700- og 1800-talet.

Heile tilfanget er oppført alfabetisk med normalform, uttale og sidetilvising til slutt i oppgåva.

Hovudfag i Tromsø

Helge Stangnes: Stadnamn frå Stonglandet og Lemmingvær på Senja. Med vekt på historie, kultur- og arbeidsliv. Hovudoppgåve hausten 1992. 262 sider.

Området for oppgåva er halvøya Stonglandet og øya Lemmingvær synst på Senja. Stangnes er sjølv fødd og oppvaksen på Stonglandet. Han har hatt tre motiv for å gjera dette arbeidet: Han vil berge namn og nemningar frå gløymsla, han vil auke kunnskapen om stadnamn generelt ut frå språklege og historiske kriterium, og han vil bruke namna som kjelder til tidlegare tiders liv og levemåte. Som undertittelen viser, er det den siste delen som får mest rom, og opplegget er utforma etter det. Dette inneber òg ein

noko trongare synsvinkel enn det som har vori vanleg i hovudoppgåver. Oppgåva har utan tvil vunni på avgrensinga.

Stangnes grupperer namna etter innhaldet – dvs. kva utanom-språklege tilhøve dei fortel om –, drøftar opplysningane namna gjev, og fører til slutt i kvart avsnitt opp dei namna som framstillinga byggjer på. Mange namn fortel om meir enn eitt sakstilhøve, og dei kjem da att fleire stader i oppgåva. Tilfanget er på i alt 1795 namn. Av plassomsyn blir ikkje alle namna drøfta, men alle er med i eit alfabetisk register til slutt. Både i teksten og registeret er namna oppførte med normalform og uttale i fonematisk skrift. Registeret har i tillegg kart- og sidetilvising. Målføret blir skildra i eit eige kapittel.

Dei innhaldsbaserte gruppene er busetting, arbeidsliv, bygningar, ferdsel, etnisitet, dyreliv, planteliv, personnamn, tid- og solmerke, tru og ovtru, leik og fritid, humor. Namn som fortel om arbeidslivet, dominerer sterkt og viser at Stonglandet har hatt varierte ressursar både på land og sjø. Materialet omfattar m.a. mange namn på tilrorar (méd). Stangnes gjer detaljert greie for sikteliner, botn og fiskevon. I kapitlet om etnisitet spør han om det kan vera samisk tradisjon under eller inniblanda den norske. Dette kjem han òg inn på andre stader, m.a. i omtalen av stadnamn som inneheld personnamn. Namnetilfanget har i det heile ein del dunkle punkt som truleg best kan forklarast ut frå eit samisk grunnlag. Særleg gjeld det i Valvågen, nordaust på Stonglandet. Ein annan type etnisk markering kjem fram i namn gjevne av nordmenn, t.d. namn på *Finn-* 'same'. Dei vitnar paradoksalt nok meir eintydig om samisk nærvær enn dei moglege samiske namna gjer.

Oppgåva er ikkje spesielt original, korkje i føremål eller metode. Men Stangnes *bruker* det tilvande sjølvstendig. Han kjenner dialekten, landskapet, arbeidslivet og kulturen innanfrå, og han har avstand nok til å få kritisk overblikk. Framstillinga er heile vegen prega av mogen refleksjon og sikker sans for det vesentlege. Stilevna er det heller ingen ting å seie på. Kort sagt eit vellykka arbeid. Ein del av emna burde Stangnes skrive ut i artikkelform og få prenta i tidsskrift, til glede for eit større publikum.

Hovudfag i Oslo

Beate Kraggerud: Djupinnsamling på historisk grunn. Stadnamn frå Lunner og Gran. Hovudoppgåve hausten 1992. III + 129 + 25 upag. sider.

Denne oppgåva er i store trekk utforma etter same mønster som Aas si oppgåve. Arbeidsgangen med innsamling, edb-analyse osv. er òg stort sett lik, men Kraggerud har til skilnad frå Aas brukt skriftlege kjelder og gamle kart til å kaste lys over det munnlege materialet. Oppgåva omfattar 1204

namn frå eit område på Hadeland som strekkjer seg frå Lunner-gardane Kjørven og Kraggerud i sør til Gran-gardane Grini og Vøyen i nord. Dette er gamalt jordbruksland med rike funn frå førhistorisk tid. Kraggerud er mykje oppteken av dei nærings- og kulturhistoriske opplysningane namna kan gje, og dette kjem som eit viktig tillegg til sjølve arbeidet med å berge den skriftlause tradisjonen.

Kraggerud opnar materialdelen med å vurdere namnegranskinga som tverrfagleg disiplin. Ho drøftar stadnamna i høve til arkeologi, religionshistorie og kyrkjehistorie, samferdselshistorie, språkhistorie, folkeminne og botanikk. Her blir det etter mitt syn for mykje oppramsing og for lite analyse. Kapitlet hadde tent på ei meir presis målsetjing.

Hovuddelen i oppgåva er "Ordsemantisk analyse". Kraggerud går først gjennom alle terrengnemne som står som hovudledd, med opplysning om norrøn form, uttale og bøying i dialekten, frekvens i samansette og usamansette namn, tyding og eitt namnedøme for kvart ord. Deretter tek ho for seg utmerkingsledda, som ho deler i åtte grupper: bustadnamn, naturnamn, terrengappellativ, personnamn og -nemningar, ord for flora, fauna og jordsmonn, ord for spesielle eigenskapar, retningsord og ord for hus eller andre menneskeverk. Her blir alle namna nemnde med kommentarar. Det finst m.a. ei mengd namn som inneheld retningsord, spesielt *nord*. Kraggerud seier det ikkje direkte, men det verkar som *sør* ofte er umarkert normaltilstand og *nord* markert avvik. Namnet *Bekkedalen* (7 stader) blir rekna for ei samansetjing, men mykje tyder på at det er eit appellativ her som i mange andre dialektar. For *Postøllmyra* kunne plantenemninga *pors/post* vori nemnd som eit alternativ til ordet *vasspost*.

Namn utan terrengnemne som hovudledd og problematiske enkeltnamn blir drøfta i eigne kapittel. Her finn vi m.a. nokre imperativnamn (*Kvistopp* o.fl.). Også *Langtom* kan kanskje tolkast som eit adverbialt *langt om*, men Kraggerud meiner det er samansett av *lang* + *tom* (taum). Eit vanskeleg namn er *Bean*. Kraggerud knyter det til rota i verbet *bøye*, men gjer ikkje greie for endinga *-an*. Den stemmer ikkje med noko bøyingsmønster i dialekten bortsett frå bunden form eintal av kortstava svake hankjønnsord, og det kan eit opphavleg diftongisk ord ikkje vera. Oppgåva blir avrunda med register over alle namna med gards- og bruksnummer og sidetilvising.

Kraggerud har gjort eit grundig feltarbeid og viser god lokalkunnskap. Den språklege argumentasjonen held eit meir ujamt nivå. Ein merkar m.a. ein tendens til å overtolke sjølve uttrykket, som i *Dynnabrua*, *Skrømsleroa*, *Spetalen* og *-vin*.

Mellomfag i Oslo

Solveig Wikstrøm: Personnamnskikken i Rana 1801 og 1865. Mellomfagsoppgåve hausten 1992.

Føremålet med oppgåva er å vise utviklinga i personnamnskikken i Rana kommune i Nordland frå ca. 1800 til ca. 1865. Materialet er namna på dei fem yngste årsklassane i folketeljingane frå 1801 og 1865, i alt 911 personar med 1127 namn. Heile tilfanget er dokumentert i gode tabellar. Wikstrøm ser på toppnamna, innslaget av nordiske namn, tilleggsnamn, nye avleiingar og slektsnamn nytta som førenamn. Tilleggsnamn vil seie namn som står mellom førstenamnet (som pr. definisjon er eit førenamn) og patronymet eller slektsnamnet. Namn i denne posisjonen kan opphavleg vera både førenamn (Anna *Marie* Hansdatter) og slektsnamn (Johan *Bang* Olsen). Kriteriet for å rekne slektsnamnet som førenamn er at det blir nytta som førstenamn (*Bang* Olsen). Problemstillingane er formulerte ut frå resultat i tidlegare undersøkingar av nordnorsk namneskikk.

Wikstrøm kjem til at namnebruken i Rana er etter måten konservativ. Rana har m.a. langt færre tilleggsnamn og slektsnamn i førsteposisjon enn det ein finn i meir typiske kystbygder i Nord-Noreg. Wikstrøm registrerer likevel ei viss oppmjuking fram mot 1860-åra, særleg i form av avleidde kvinnenamn (*Petrine, Jensine* o.fl.). Elles kjem det m.a. spreidde impulsar frå den nordiske namnerenessansen (m.a. *Dagny*). Typisk nok heng mannsnamna etter i det meste. Det er verdt å notere at materialet ikkje har utvetydig *svenske* innslag, sjølv om Rana grensar til Sverige og har hatt mykje kontakt austetter.

Ragnhild Tønnessen: Personnamnskikken på Flekkerøya 1600-1900. Mellomfagsoppgåve hausten 1992.

Denne oppgåva byrja som ein protest mot den gjengse læra om at dei nordiske namna — spesielt kvinnenamna — skulle vera så hardt tynte i generasjonane før den nasjonale oppvakninga på 1800-talet. Tønnessen fekk ikkje dette til å stemme med namnebruken i si eiga slekt, der både *Gunnhild* og *Ingeborg* har stått høgt i rang, og ho sette seg føre å vise at læra trong ein korreksjon. Undervegs vart siktemålet utvida til å gjelde namnebruken allment på Flekkerøya i tida 1600-1900. Materialet er henta frå slektshistorisk litteratur og omfattar 1319 personar (730 gutar og 589 jenter) med i alt 1490 namn. Flekkerøya ligg utanfor Kristiansand i Vest-Agder og er eit samfunn som har vori sterkt sjøorientert, ikkje minst med livleg trafikk over til Nederland.

Tønnessen forsvarer tesen sin godt. På 1700-talet har øya ca. 45 prosent nordiske kvinnenamn og ca. 35 prosent nordiske mannsnamn. For det eine

er det uvanleg at prosenten nordiske namn er høgre for kvinner enn for menn. For det andre blir ein slått av kor sterkt dei nordiske kvinnenamna står i høve til den samfunnstypen det her gjeld. Kyst og sjøfart har vanlegvis ikkje vori noko gunstig miljø for dei heimlege namna. Også toppnamna skil seg frå lands- og fylkesnormalen, m.a. er *Gunnhild* det klårt vanlegaste kvinnenamnet på 1700-talet. Kontakten med Nederland viser seg i *Govert* og *Jan*, men ein kan med Tønnessen spørje kvifor det ikkje har komi fleire namn derifrå. Dei viktigaste nye trekka på 1800-talet er bibelnamn blant gutane og avleiingsnamn blant jentene.

Oppgåva har sjølvstendig utforma tabellar med namna skipa i femtiårsbolkar, og dessutan topplister og grafisk framstilling av ymse prosenttilhøve. Tabellane kan vera litt vridne å koma inn i, men dei gjev mykje informasjon og syner på sitt vis at Tønnessen har blikk for dei rette poenga. Etter mi meining er den "læra" ho vart provosert av, litt karrikert i hennar framstilling. Det står likevel fast at oppgåva har avdekt ei lomme av konservatisme i eit område der ein knapt skulle vente slikt. Mitt inntrykk er at Flekkerøya liknar meir på det indre Agder og Dalane enn på kystlandet austetter. Både denne og andre studentoppgåver gjev viktige støttepunkt for kartlegginga av eldre namnegeografi.

Alf Bjørge Aschim: Samanlikning av oppkallingsmønster innafor Aschimslekta på Hadeland og Parak-slekta i Lyngen i tida 1750-1900. Mellomfagsoppgåve hausten 1992.

Forfattaren framstiller og samanliknar oppkallingsmønstra i to greiner av si eiga slekt. Hadelands-greina omfattar 76 personar med i alt 81 namn, Lyngen-greina 87 personar med i alt 152 namn. Materialet er utrykte slektstavler supplert med opplysningar frå kyrkjebøkene og folketeljingane 1801 og 1865. Aschim viser i kvart enkelt tilfelle kven personen er oppkalla etter, og kva måte oppkallinga er gjort på (heilnamn, avleiing osv.). Som vedlegg følgjer eit fullstendig oversyn over slektene, inkludert personar som ikkje er oppkalla, og eit anna oversyn over namna med frekvens.

Hadeland har ikkje uventa det mest stabile mønsteret. Dei fleste blir oppkalla med uendra namn gjennom heile perioden, og førebileta er oftast besteforeldra. Men somme tek etter kvart til å kalle opp faren (noko som historisk sett er uvanleg) i staden for bestefaren, og mot slutten av 1800-talet får somme fritt valde namn. Oppkallinga taper seg merkeleg nok meir blant gutane enn blant jentene. Namngjevinga i Lyngen er heile tida mykje meir variert. Her blir foreldre tidt oppkalla alt frå 1700-talet. Oppkalling gjennom avleidde namn konkurrerer med fullnamnsoppkalling, og mange nyttar avleiingsteknikken til å kalle opp over kjønnsgrensa – noko som er bortimot utenkjeleg i den stramme Hadelands-tradisjonen. Elles er det ein

gjennomgåande tendens at oppkalling i seg sjølv blir mindre viktig. I tida 1850-1900 har berre halvparten av namna slektsmessig motivasjon. Men sidan dei fleste i Lyngen får to namn (jf. tala ovanfor), har folk hatt høve til både å kalle opp og å velje fritt under éin operasjon. Det er derfor langt over halvparten av *personane* som er oppkalla, og dei førstefødde gutane har i regelen minst eitt namn etter far eller bestefar. På kvinnesida er oppkallingane for sprikjande til at ein kan tala om noko bestemt mønster.

Aschim har eit avgrensa tilfang og generaliserer med rette lite. Eg trur likevel ein kan sjå resultata hans som typiske for dei områda han arbeider i: konservativt bondeland mot open nordnorsk sjøbygd. Det synest òg som moderniseringstrekka kjem i flokk når dei først kjem, og dei bør kanskje i større grad tolkast som eit samspel av faktorar enn som årsak og verknad.

Morten Holtet: Innsjønamn i Aurskog. Mellomfagsoppgåve hausten 1992.

Oppgåva omfattar 155 innsjønamn som N50-kartet har frå gamle Aurskog kommune i Akershus. Uttaleopplysningane er i det vesentlege frå arkivet til Avdeling for namnegransking. Holtet legg hovudvekta på semantisk inndeling av førsteledda i namna. Han bruker så langt som råd Indrebøs kategorisering i Norske innsjønamn. I. Upplands fylke (1924). Hovudskiljet går mellom primære og sekundære namn. Dei primære namna fordeler seg på 15 grupper, med storleik og form, terrengtilhøve, vegetasjon og dyreliv som dei største. Det vanlegaste einskildnamnet er *Morttjern*, som finst 6 stader. Dei sekundære namna (som her vil seie relasjonsnamn) er delte i to, etter om dei har utmarksnamn eller bustadnamn som førsteledd. Holtet tek òg for seg nemningar for vassamling. Her dominerer *tjern* med 138 førekomstar (hovudledd) i namn. I tillegg finst *dam, floe, putt, sjø* og *vatn*. Dei fleste namna er samansette, og med den sterke overvekta for *tjern* blir hovudledda svært stereotype.

Oppgåva har alfabetisk register med kartreferanse. Uttalen er oppført på relevant plass inne i teksten. Framstillinga er oversiktleg og grei og har mange gode merknader undervegs, men det manglar avrunding og konklusjon. Ein god hoppar bør ta nedslag.

KK

Returadresse:
Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking*. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

ISSN 0800 - 4676